



Notat

Dato: 30.03.2017
Arkivsak: 2017/709-3
Saksbehandlar: josaksd

Til: Elnaz Golshany

Frå: Jostein Aksdal

Kulturminnefaglege merknader til Oddapakka, Småkraft AS, Øvre og nedre Seljestad, Tokheimselva, Odda kommune

Nedre Seljestad –

I tiltaksområdet som ligg på gard nummer 37 Jøsendal er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller informasjon om slike i våre arkiv. Slik tiltaket er vist på kart i konsesjonssøknaden vil røyrigata krysse gamlevegen til Skare ved p400. Dette er eit lokalt verneverdig kulturminne. Det er difor viktig at anlegget finn løysingar som ikkje skjemma eller skadar dette anlegget.

Øvre Seljestad –

I tiltaksområdet som ligg i utmarka på gard nummer 38 Skare er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller informasjon om slike i våre arkiv.

Tokheimselva –

Tiltaksområdet går i frå Sørfjorden og opp til ca kote 540. På garden Tokheim er det informasjon om fleire no fjerna automatisk freda kulturminne. Dei fleste av desse låg i område som i dag er veg og bustadføre mål. I 1999 vart det registrert fleire automatisk freda kulturminne oppe i Støladalen ein vel 800 m.o.h. Det konsesjonssøkte tiltaket ligg i dag i eit område femna av kulturlandskap av nasjonal interesse, Indre Sørfjorden, kraft- og industrilandskap, Askeladden-ID K422,

K422:

«Landskapet der dalen møter fjorden er trongt mellom høge fjell, der høgtliggjande vatnsystem ligg i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri, og elva Opo renn ut i fjordbotnen der strandstaden Odda ligg. Her var ein naturleg ferdselsveg sørover til pilegrimsålet Røldal. Kyrkja på Almerket, nede ved fjorden, er frå 1870, men her har vore kyrkje sidan 1250. Ho er eit samlande element i landskapsrommet. Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bondesamfunnet i Odda.

Strandstaden Odda var rundt 1900 det mest vitja turistmålet i landet. Reisemåla var dei mektige fjella og fossane, som Tyssestrengane og turen til Dalen i Telemark. Av denne travle strandstaden er eit konsentrert bygnings-miljø att ved Brotateigen og traséen til ferdselsvegen til Røldal.

Tidleg på 1900-talet var kraftpotensialet i fjellet og den isfrie hamna perfekte vilkår for bygging av eit heilt industrisamfunn i fjordbotnen. Oppdemming av Tyssovassdraget og kraftstasjonane i Tyssedal

gav straum til kraftintensiv industri i Tyssedal og Odda og seinare på Eitrheimsneset. Gjennom store og integrerte strukturar har industrien lagt beslag på mykje av dei sentrale areala i Odda og Tyssedal. Kring industrianlegga er det bygd heile samfunn. Fleire element i industrisamfunna Odda og Tyssedal har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi, og høg arkitektonisk verdi. Tveitahaugen i Tyssedal er eit tidlig døme på ein hageby i Noreg. Ringedalsdammen, Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk er freda.

Industrisamfunna i Odda og Tyssedal dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågareliggjande landskapet. Sjølv om industrisamfunna er nært knytt til naturen og naturressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen. Dei store industrisamfunna her er mellom dei landskapa i landet som er sterkast prega av den andre industrialiseringa.»

Det er Fylkeskonservatoren si vurdering at omsøkt konsesjon ikkje er i strid med føremålet til sjølve kulturlandskapsregistreringa. Vasskraftutbygging har ein lang tradisjon som har verka sterkt inn på landskapet. Gjennom å ta vare på dei viktige elementa med høg kvalitet frå dei ulike periodane sikrar ein industrialiseringa si søge. Fylkeskonservatoren ser at kraftverket kan vise kontinuitet på kraftutnytting i området, men ser at ein må legge vekt på god arkitektur og landskapsbruk.

Med omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne vil det bli stilt krav om ei synfaring for å avklare potensialet for konflikt.